



## KYSTVERKET

Vest

Radøy kommune  
Krossvegen 8  
5936 MANGER

Dykker ref.:

Vår ref.:  
2015/2975-8

Arkiv nr.:

Saksbehandlar:  
Lene Røkke Mathisen

Dato:  
10.12.2015

### **Uttale til plansak 12602015000200 - detaljregulering - Mangerøy industriområde - Kjebogen - Radøy kommune - Hordaland fylke**

Syner til brev av 18.11.2015, vedkomande detaljregulering av Mangerøy industriområde, i Radøy kommune.

Planen er vedteken i hovudutval for plan, landbruk og teknisk og er i tråd med gjeldande, overordna plan og sendt ut på 1. gongs høyring.

Kystverket Vest har tidlegare uttala at i arbeidet med reguleringsplanen må ein vurdere om det er behov for merking av leia inn til kai og at ein må ta høgde for ISPS reglementet som gjeld for hamneanlegg der ein tek i mot fartøy i internasjonal trafikk.

Me kan ikkje sjå at det er gjort noko vurdering av merking av innseglinga i den planskildringa som er oversendt. Det er heller ikkje sagt noko om tilkomst og manøvreringsmogelegeithei i hamneområdet. Etter opplysning frå Radøy-gruppen er det snakk om:

- Borerigg (L: 120m, B: 60m) 1-2 gonger årleg
- Store skip (L: 180m, B: 40m) 1-2 gonger årleg
- Store skip og lekttere, 10-20 gonger årleg
- Kranskip, 8-12 gonger årleg

Me har bede våre losar om å sjå på planforslaget og vurdere dette i forhold til framkomeledegheit og sikkerheit i innseglinga. Innseglinga til den planlagde industrihamna er ganske trøng som følgje av relativt grunt område aust for Grønholmane (rundt 8-10m). Avhengig av om det er riggar med eller utan eiga framdrift vil kravet til djupne ligge mellom -10 til -16m. Slik forholda er i innseglinga i dag vil det vere særskilt vanskeleg å ta inn riggar, mest sannsynleg er det for grunt til å gjennomføre det i det heile.

Vidare ser me at det vil vere utfordrande å ta inn større skip som ikkje er godt utstyrt med trøstarar. Kystverket tilrådar difor at innseglinga vert utdjupa aust for Grønholmane for å få eit større manøverområde ved ankomst og avgang.

Avhengig av kva løysing ein vel bør ein sette opp navigasjonsmerker som markerer 8m-koten aust for Grønholmane. Det må i så tilfelle utarbeidast ein merkeplan som skal godkjennast av Kystverket Vest. Kystverket kan bistå utbyggjar med å utforme ein slik plan.

#### Vest - Plan- og kystforvaltningen

Sentral postadresse: Kystverket  
Postboks 1502  
6025 ÅLESUND

Telefon: +47 07847  
Telefaks: +47 70 23 10 08

Internett: www.kystverket.no  
E-post: post@kystverket.no

For besøksadresse se [www.kystverket.no](http://www.kystverket.no)

Bankgiro: 7694 05 06766

Org.nr.: NO 874 783 242

Vi ber om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

Med helsing

Knut Stenevik  
avdelingssjef

Lene Røkke Mathisen

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Eksterne kopimottakere:  
Bergen og Ømland Havnevesen      Postboks 6040      5892      BERGEN

Vedlegg: